



Apparatet for kalking er effektivt og jobben går raskt unna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også dette året er det spreidd 10 tonn kalk over vassdraget i Uskedalen og Børsdalen som eit nytt viktig løft for enda betre fiskefangstar i Uskedalselva. Spreiinga skjedde grytidleg laurdag morgon og som i fjor var det Airlift Helikopter Sweden, som har basen sin i Hudiksvall, som hadde jobben. Den vart gjennomført raskt og effektivt på under ein time.



Jobben er gjort og 10 tonn kalk er dumpa over vassdraget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men effektivitet må til i denne sammenhengen, for dei tre svenskane har eit hektisk program med kalking i Rogaland og Hordaland. Dei kom frå Vikedal og skulle vidare til Tysse og hvis dei rekk det kjem dei også til å kalka i Stanghelle denne dagen. Det er ikkje sjølve kalkspreiinga som er minimumsfaktoren, det er dei lange transportetappene med kalkbilen.

Leiaren i Uskedal Grunn- og Elveeigarlag Kåre Vetthus var med på kalkinga laurdag morgon og også han vart imponert over dedn jobben som vart gjort og som er gjort kvart år sidan 2000. På denne måten når dei områder som ikkje blir nådd av kalkdoseraren. Naturleg nok blir mest kalk spreidd i Børsdalen, men også dei øvre delar av Uskedalselva får ein dose.

Det er miljøvernavdelinga hos fylkesmannen som organiserer og dekkjer utgiftene til operasjonen – det lokale elveeigarlaget treng berre å bistå med det reint praktiske når Airlift kjem med rullande rigg og helikopter. Airlift i Sverige er dotterselskap av det norske Airlift men har spesialisert seg på kalking av vassdrag, skog og dyrka jord rundt i Skandinavia. Dette er femte gongen dei kalkar Uskedalsvassdraget.

Då grunn- og elveeigarlaget søkte om kalking også i år streka dei under at storleiken på fiskebestanden er god og at fisken ynglar og at dei ikkje såg nokon grunn til å endra kalkinga i 2008 samanlikna med tidlegare. Laget ga ein positiv attest til kalkinga i fjor som vart godt utført. Det vart den også dette året.

Av Ola Matti Mathisen



Matias Lind frå Hudiksvall og Jesper Brugge frå Sundsvall er to av dei tre i kalkingsteamet som skal innom mange stader på stutt tid i Hordaland og Rogaland. Her viser dei kartet. Tredjemann i teamet er pilot Per Johnsson frå Bollnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)